



ÅMLI KOMMUNE  
- BYGDA FOR ALLE



## Årsmelding 2015

Vedteke i kommunestyret 26.5.2016, sak K 16/21



# INNHOLD:

<b>1 Innleiing.....</b>	<b>5</b>
<b>2 Hovudmåla i kommuneplanen.....</b>	<b>6</b>
Visjon og hovudmål.....	6
Kultur.....	7
Plan og næring .....	10
Åmli skule.....	12
Barnehage.....	14
Omsorgsavdelinga .....	16
NAV-avdelinga .....	18
Helse og familieavdelinga .....	20
Funksjonshemma .....	22
Teknisk.....	24
Reinhalld .....	26
<b>3 Måloppnåing .....</b>	<b>27</b>
Tiltaksoversikt.....	27
Status på vedtak i kommunestyret .....	33
Oversikt over vedtak gjort av administrasjonen etter delegert mynde i klientsaker .....	38
<b>4 Personalinformasjon.....</b>	<b>39</b>
Internkontroll.....	40
Beredskap .....	43
Likestilling.....	44
Etisk standard.....	44
<b>5 Driftsrekneskapen .....</b>	<b>45</b>
Hovudoversikt drift.....	45
Netto driftsrammer fordelt på resultateiningane .....	47
Skatte- og rammetilskotsgrad.....	47
<b>6 Investeringsrekneskapen.....</b>	<b>48</b>
Hovudoversikt investering .....	48
Investeringar.....	49
<b>7 Balanserekneskapen.....</b>	<b>51</b>
Balanse pr. 31.12 .....	51
Lånegjeld.....	52
Garantiforpliktsar .....	52
Rapportering.....	52

<b>8 Nøkkeltal drift .....</b>	<b>54</b>
Befolkningsdata pr 31.12.2013, 2014 og 2015.....	54
Finansielle nøkkeltal.....	55
Kommunen sine prioriteringar innanfor utvalgte tenesteområde .....	56
Kommunen sin dekningsgrad innanfor utvalgte tjenesteområde.....	57
Kommunen sin produktivitet/einhetskostnader innanfor utvalte tenesteområde.....	58
Administrasjonsavdelinga.....	59
Skuleavdelinga .....	61
Barnehageavdelinga .....	63
Sosial- og barnevernavdelinga.....	64
Pleie- og omsorgsavdelinga .....	65
Helseavdelinga.....	68
Kyrkja .....	69
Teknisk avdeling.....	69
Plan og næringsavdelinga .....	70
<b>9 Årsmelding for Åmli kraftfond .....</b>	<b>73</b>

## 1 Innleiing

I Plan- og bygningslova (Pbl) er formålet med kommuneplanlegginga formulert slik:

*"Kommunen skal utføre ei løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innanfor sine område".*

Kommuneplanen skal vere ein heilhetleg plan for utviklinga i kommunen som samfunn, der ulike interesser fra statlege føringar til den einskilde innbyggjar sine interesser vert lagt til grunn for vidare tiltak i kommunen.

Kommuneplanen skal innehalde ein langsigktig del (10- 12 år) og ein kortsigktig del (4 år). Den langsigktige delen skal omfatte:

- mål for utviklinga i kommunen, retningslinjer for sektorane si planlegging og ein arealdel for forvaltninga av areal og andre naturressursar.

Den kortsigktige delen skal omfatte:

- samordna handlingsprogram for sektorane si verksemd dei nærmaste åra.

### Åmli kommune sine kommuneplandokument:

**Kommuneplanen sin langsigktige del** med tidshorisont på 12 år (2007-2019).

- mål for utviklinga i kommunen som samfunn og som organisasjon for å nå desse måla
- retningslinjer for gjennomføringa
- arealdel (er rettsleg bindande)

Kommuneplanens langsigktige del skal rullerast kvart 4. år, midt i kvar kommunestyreperiode.

**Handlingsprogrammet** med ein tidshorisont på 4 år.

- føresetnader og rammer for tiltak i perioden
- tiltak med oversyn over ansvarlege og medverkande for kvart tiltak
- økonomiplan som viser finansieringa av drifta og nye tiltak i perioden sett opp mot kommunens totale inntekter og låneopptak
- årsbudsjettet, som er bindande for bruken av kommunen sine midlar, er første året i handlingsprogrammet

Tiltaka i handlingsprogrammet skal støtte opp om hovudmåla i den langsigktige delen og vise i kva rekkefølge prioriterte tiltak skal gjennomførast.

Handlingsprogrammet rullerast kvart år som grunnlag for årsbudsjettet og på grunnlag av årsmeldinga med resultatvurdering.

**Årsmelding** med resultatvurdering.

- kommunerekneskapen for føregående år framstilt på ein enkel måte der hovudtrekka i utviklinga går fram og vert kommentert.
- oppsummering av aktiviteten frå siste året og ei vurdering av resultata mot målsetjingane og plandokumenta. Grunngjevingar av fråvik er sentrale i dette dokumentet, framlegg til endring av langsigktige planar skal kome fram her.

## 2 Hovudmåla i kommuneplanen

### ***Visjon og hovudmål***

#### **Bygda for alle**

Åmli kommune sin visjon bygger på at vi skal legge til rette for mangfold og fleksibilitet slik at enkeltmennesket kjenner seg respektert og verdsett ut fra eigne føresetnader og mogleheter.

Kommunen sin visjon ønsker vi å nå ved å legge til rette for gode og varierte arbeidsplassar og bumiljø tufta på trygghet, trivsel og livskvalitet

#### **Hovudmåla er:**

- Sikre eksisterande arbeidsplassar og skape grunnlag for utvikling av fleire nye, varierte arbeidsplassar i forhold til heiltids- og deltidsplassar, og varierte i forhold til tenesteyting, service og produksjon.
- Skape gode bumiljø i sentrum og ute i grendene basert på ei berekraftig utvikling med vekt på trygghet, trivsel og livskvalitet.

Hovudmåla vil vi nå ved å sette fokus på kommunen som tenesteytar, forvaltar og lokalsamfunnsutviklar i samspill med kommunen sine innbyggjarar.

Hovudmålet om arbeidsplassar omfattar både det å ta vare på og å vidareutvikle eksisterande arbeidsplassar, og det å skape grunnlag for framvekst av nyetablerte arbeidsplassar. Kommunen si rolle som tilretteleggjar, koordinator og samordnar blir viktig for å oppretthalde arbeidsplassar som grunnlag for eit triveleg og godt lokalsamfunn.

Eit grunnleggjande krav for gode bumiljø, er at dei fysiske tilhøva og kommunen si tenesteyting, vert lagt til rette for å ivareta folk sine behov i ulike livssituasjonar

For å sette dette i system, brukar vi prinsippa i balansert målstyring, tilpassa vårt behov. Vårt hovudfokus er kommunen sine innbyggjarar/brukarar, men vi fokuserer òg på våre tilsette og kommunen sin økonomi. Vi tek utgangspunkt i kva vi må lukkast med i våre tenester/forvaltning for å nå kommunen sin visjon og hovudmål, og vi bryt det ned slik at vi er i stand til å registrere måloppnåinga i høve til det vedteke ambisjonsnivået.

Kommuneplanen vert ved denne måten å gjøre det på, både ein kommuneplan og ein delplan for våre tenester.

## Kultur

For at kommunen skal lukkast med hovudmålsettingane knytt til arbeidsplassar og gode bumiljø, er satsing på kultur eit viktig element. Åmli kommune ønsker å framsstå som ein kulturmommune med fokus både på historie og kulturarv og den kulturaktiviteten som skapast i dag.

For å oppfylle visjonen om bygda for alle, basert på tryggheit, trivsel og livskvalitet, ønsker kommunen å legge til rette for gode møtestader og gode kulturopplevelingar. Det er også viktig å legge til rette for eit aktivt og allsidig fritidstilbod.

Kommunen ønsker å samarbeide nært og konstruktivt med lag og organisasjonar i kommunen. Kvaliteten og kvantiteten på kulturarbeidet er avhengig av at vi får dette til. Det er eit mål at kulturtildet i kommunen er allsidig og variert, og at vi når alle bygdelag og aldersgrupper i kommunen. Barn og unge er likevel ei særleg viktig målgruppe.

## Styringskart kultur

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Mål	Resultat 2015
Bukatar / Teneste / Samfunn	1. Eit allsidig og levande organisasjonsliv (lag og organisasjonar)	Tidelte prosjektmidlar og investeringsmidlar	Eigen oversikt (årsmelding)	20%	Fastsett til 20% f.o.m. 2009
		Vekst i tal på søkerne aktivitets- og driftstøtte.	Eigen oversikt (årsmelding)	Alle aktive lag og foreiningar søker	25 søkerne i 2013 25 søkerne i 2014 26 søkerne i 2015
	2. Eit fagleg godt, variert og framtidsretta bibliotektilbod	Utlån pr. innbyggjar.	Kostrastatistikk	6,5 utlån pr. innbyggjar	6,46 i 2013 7,01 i 2014 6,76 i 2015 Landssnitt i 2014 var 4,5.
		Besök pr. innbyggjar.	Kostrastatistikk	3 besök pr. innbyggjar	2,43 i 2013 2,50 i 2014 2,89 i 2015 Landssnitt i 2014 var 4,0
		Mediekjøp pr. innbyggjar.	Kostrastatistikk	85 kr. pr. innbyggjar	Kr. 82,77 i 2013 Kr. 83,87 i 2014 Kr. 82,42 i 2015 Landssnitt i 2014 var kr. 26,54
		Arrangement på biblioteket	Eigen oversikt	12	12
		Opningstid timer/veke	Kostrastatistikk	21 timer pr. veke	5 dagar, 20 timer Sommarope: 4 dagar, 22 timer
	3. Ein god og attraktiv kulturskule og gode vilkår for kunst- og kultur	Tal på tilbod i kulturskulen	Eigen oversikt	13 tilbod	2014: 10 tilbod 2015: 9 tilbod
		Prosentdel som søker plass i kulturskulen og som ikkje får eit tilbod	Eigen oversikt	2%	2013: 11% 2014: 13% 2015: 15%
		Kor mange søker på plass i kulturskulen.	Eigen oversikt	30%	26% av barna i grunnskulen
		Deltaking på Ungdommens kulturmønstring	Eigen oversikt	10	4 innslag (9 deltagarar)
	4. Ei god formidling og vern av Åmli kommune sin kulturarv	Tal på kulturrangement (utanom idrett) der kommunen er arrangør eller medarrangør.	Eigen oversikt	20	22 i 2013 38 i 2014 28 i 2015*
		Tal på arrangement på kulturarvstader i Åmli	Eigen oversikt	4	2014: 2 2015: 6*
		Besøkstal på Elvarheim Museum (inkl. sommaren)	Eigen oversikt	1300 besøkande	2013: 785 2014: 1370 2015: 1167*

	5. Gode friluftsområde og idrettsanlegg som er tilpassa dagens og framtidas behov	Tal på søknader om spølemedialar pr. år	Eigen oversikt	4	2013: 4 2014: 4 2015: 0*
Medarbeidar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefravær	Fraværet i %	3,5%	5%
		Kompetanseutvikling	Tal på opplæringstiltak	10	3 4 fagdagar for biblioteksjef
			Andel gjennomførte opplæringstiltak ihh til opplæringsplan pr år	10	Ingen opplæringsplan
		Medarbeidarmedvirkning	Gjennomførte personalmøter	9	4
		HMS	Andel gjennomførte medarbeidarsamtalar pr år	100%	100%
Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Trivsel	Gjennomførte vernerundar	1	1
		Avvik i høve til budsjettnto. driftsramme	Gjennomførte velferdsarrangement	3	2
			Rekneskap pr avd. pr. år	Som budsjettet	2,87% mindreforbruk

### Oppfølging av resultatavvik:

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

#### Kommentar til besøkstal og utlån for Åmli bibliotek i 2015

Dersom ein ser på tala for Åmli bibliotek og samanliknar med andre kommunar i gruppa 1-2000 innbyggjarar ligg vi godt an når det gjel både utlån pr. innbyggjar og innkjøp pr. innbyggjar. Når det gjeld besøk ligg vi likt med samanliknbare kommunar. Åmli-folk var innom biblioteket 5345 ganger i 2015.

Åmli bibliotek har i 2015 vore med i eit prosjekt initiert av Aust-Agder bibliotek- og kulturformidling, «Det skjer på biblioteket», det gir rom for litt fleire arrangement enn vårt vanlege budsjett tillæt. Åmli bibliotek har i 2015 hatt 8 arrangement for vaksne og 4 for barn, på desse arrangementa har det vore til saman 403 deltagarar. I tillegg kjem klassebesøk, to foredrag på foreldremøte og opplæring av elevar i bruk av bibliotek.

#### Kommentar kulturskulen

20% stilling som kulturskulekoordinator blei tatt ut av budsjettet i 2015, og oppgåvane tillagt kulturskulerektor.

20% stilling som kulturskulelærar i musikk blei sagt opp hausten 2015. Stillinga blei lyst ut hausten 2015, men blei ikkje besett før i januar 2016. Det blei innvilga eit års permisjon i 41% stilling som kulturskulelærar i musikk, dans, drama og kreativ skaping f.o.m. 01.08.2015-31.07.2016. Det blei tilsett vikar i kreativ skaping og drama, men ikkje i dans. Dansegruppa blei difor lagt ned hausten 2015.

Det var totalt 73 elevplassar i kulturskulen, fordelt på 56 elevar hausten 2015. Det var samtidig 210 elevar i grunnskulen. Det var 11 elevar på vesteliste til kulturskulen; dei fleste av desse på tromme. Ein har søkt etter, men ikkje fått tak i trommelærar.

Undervisningstilbodet i 2015 omfatta musikkgruppe for dei minste, piano, gitar, ukulele, trekkspel, bass, fele, kreativ skaping for 1.-4. klasse og frå 5. klasse, samt drama frå 5. klasse. Tilbodet om musikkgruppe på Timmerrodden fall bort hausten 2015 pga. manglande ressursar. Det blei inngått avtale med Keith Austin om gratis bandundervisning i kulturskulen som del av leigeavtale for rockeverkstaden i Åmlihallen. Dette blei gjennomført våren 2015, men ikkje hausten 2015 på grunn av manglande interesse.

#### Kommentar til tal på kulturarrangement (utanom idrett) som t.d. konserter, utstillingar osv.

Her er det tatt med Kulturtimen på ÅPOS (Den kulturelle spaserstokken), i alt 19 gonger i 2015. Statstilskotet blei i 2015 redusert frå 50 000 til 25 000 kr, slik at ein måtte gå over frå arrangement kvar 14. dag til 1 gong i månaden.

I tillegg har vi rekna med følgjande arrangement der kulturavdelinga i kommunen er medarrangør: Fargerik Fest, kulturkveld på Elvarheim, UKM, OFFroadLAN (2 gonger) og kulturskuleavslutningar (2 gonger). Kulturavdelinga tok ansvar for

gjennomføring av Friluftslivets år 2015, og har difor også tatt med opningsarrangement for Friluftslivets år 2015 og bålsamtale med politikarar og friluftsorganisasjonar hausten 2015..

Vi har ikkje tatt med arrangement på biblioteket (eigen oversikt), bygdekino, skule- og barnehagekonserter, Den kulturelle skulesekken eller eigne arrangement i regi av lag og organisasjonar som for eksempel Folkeakademiet, konserter på Vanntårnet om sommaren, store arrangement som Topp Åmli-dagen, Heimoverfestivalen eller konserter/tilstellingar i regi av kyrkja eller private aktørar.

#### Kommentar til besøkstal på Elvarheim museum

Sommaren 2015 opna ei ny utstilling bever i Åmli, ei utviding av beverutstillinga som blei kjøpt i 2014. Det blei også laga ei sommarutstilling med tittelen "bondens landskap", og landbruk i Åmli før og nå. Veka før sommarferien blei det arrangert aktivitetar for skulen om landbruk i eldre tid i samarbeid mellom Elvarheim museum og Åmli bygdetun. Besøk frå skule, barnehage og andre grupper er i hovudsak utanom sommarsesongen.

#### Kommentar til arrangement på kulturarvstader

Her er det tatt med utstillingsopning på Elvarheim museum, aktivitetsveke og julemarknad på Åmli bygdetun (Grânheia) og Kulturminneden 2015 der det blei markert opninga av to nyrestaurerte utebakromnar på Kløvfjell i samarbeid mellom kulturavdelinga, Åmli historielag og grunneigar.

#### Kommentar til antal spelemiddelsøknader

Revisjon av plan for idrett og fysisk aktivitet blei påbegynt i 2015. Nye spelemiddelsøknader frå 2016 vil følgje prioriteringar i denne planen. Ansvoaret for spelemiddelsøknader blei overført frå plan- og næringsavdelinga til kulturavdelinga i 2015.

#### MEDARBEIDARAR

Kulturavdelinga bestod i 2015 av kulturleiar i 100% stilling (inkl. kulturskulerektor og museumsleiar), bygdebokforfattar i 50% stilling, ungdomsarbeidar i 50% stilling, biblioteksjef i 100% stilling (70% folkebibliotek, 30% skulebibliotek) midlertidig fordelt på to personar (80+20% stilling), badevakt i 11,5% stilling og fem kulturskulelærarar i til saman 119% stilling. Det var lågt sjukefråver i avdelinga i 2015, men noko høgare enn tidlegare. Det blei gjennomført færre avdelingsmøte i kulturavdelinga i 2015 enn tidlegar, og heller ikkje opplæringsplan eller handlingsplan. Dette skuldast omorganisering.

Av 10 tilsette i kulturavdelinga var 4 på kurs/opplæringsstiltak i 2015. Desse var kulturleiar, badevakt og biblioteksjef. Fleire av dei tilsette i kulturavdelinga, som for eksempel kulturskulelærarar, har små stillingsbrøkar og jobbar andre stader i tillegg som gjer det vanskeleg å delta på kurs på dagtid.

#### ØKONOMI

Resultata er stort sett innanfor ambisjonsnivået. Avvik i høve til ntn budsjettet driftsramme: 2,87% mindreforbruk i 2015. Dette skuldast ulike forhold som m.a. 20% ubesett stilling i kulturskulen hausten 2015, gode salsinntekter for bygdebok og tilskot til kulturminneplan.

## Plan og næring

Åmli kommune har rike natur- og arealressursar som har danna grunnlag for busetting i gode bumiiljø og som har vore den viktigaste ressursen for sysselsetting i generasjonar. Ein må søke å forvalte desse ressursane for framtida slik at dei framleis vil kunne danne grunnlag for gode bumiiljø og trygging av arbeidsplassar.

Plan- og næringssavdelinga har eit særskilt ansvar for tilrettelegging av dei fysiske og økonomiske grunnføresetnadene for vekst innan områda for hovudmålsettingane om auka busetting og auka sysselsetting.

For å styrke primærnæringane, vil det være nødvendig med ei utvikling mot større andel lokalt foredla produkt. Vidare er det viktig å dyrke mangfaldet i næringssutviklinga, slik at ein styrkar tenestetilbodet for innbyggjarane og slik at samfunnet ikkje vert for sårbart for endringar i konkurransesætjadene i einskilde næringar.

### Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Mål	Resultat 2015
Brukarar	Brukaren opplever effektiv forvaltning	Saksbehandlingstid på matrikkelbrev i perioden 26.04 – 31.10	Kostra	16 uker	4,4 uker
		Saksbehandlingstid – enkel byggesak	Kostra	3 uker	1 uke
		Saksbehandlingstid - standard byggesak	Kostra	8 uker	8 dager
		Saksbehandlingstid på konserjonssøknader	Kostra	10 uker	1 dag
Teneste / Samfunn	Kommunen skal satse på utvikling og til rettelegging for næringssverksamd både gjennom vidareutvikling av infrastruktur (veg, jembane, fly, post, tele, og data) og ved direkte støtte til etablering av arbeidsplassar og ved å prioritere saker som kan føre til auka sysselsetting gjennom etablering av nye bedrifter eller utviding i eksisterande bedrifter.	Nye arbeidsplassar	Brønnøysundregister + lokalkunnskap	4 i nyeetablerte bedrifter	13 fordelt på 7 bedrifter
		Nyetablerte bedrifter	Brønnøysundregister + lokalkunnskap	2	7
		Ledig næringsareal	Antal daa	200	204
		Byggeklart næringsareal	Antal daa	35	35
		Solgt næringsareal	Antal daa	5	3
	Åmli skal vere ein attraktiv stad i regionen for hyttebygging.	Byggeløyve nye hytter	SSB/Kostra	3	12
		Legge til rette for ei jamm auke i innbyggjartalet	Auke i folketaket	SSB / Folkeregister	-0
	Legge til rette for eit variert butilbod og aktivt medverke til at det vert etablert attraktive bustader som er tilpassa den einskilde sin livssituasjon, arealbehov og økonomiske evne.	Ledige byggeklare bustadtomter	Antal ledige tomter	38	29
		Tal på byggeløyve gitt på bustadhus/eining.	Antal byggeløyve gitt på bustadhus/eining. SSB/Kostra	6	1
		Tal på byggeløyve gitt på leilegheiter	Antal byggeløyve gitt på leilegheiter. SSB/Kostra	10	0
	Auke talet på fiskarar og dermed auke fiske	Sal av fiskekort.	Rapport fiskelag og Inatur på antall selte kort	5 % økning	Nedgang, avviklet ordningen 13.12.15
	Det skal vere god tilgang til område for friluftsliv, både større fjernområde for lengre turar (fjernrekreasjon) og mindre område nær busetting (nærrekreasjon). Tilgjenge bør sikrast gjennom arealplanar og avtalar med grunneigarane. Tilrettelegging, som t.d. parkeringstilhøve, merking, bomvegar m.m., må sikrast ved dei mest brukte utfartsområda.	Samla lengde (km) av turvegar, turstigar og løyper som er tilrettelagt for sommarbruk.	SSB/Kostra (100 km per 2011)	125	2013
		Samla lengde (km) skiløyper som blir maskinpreparerert (snøetterhald)	SSB/Kostra (30 km per 2011)	50	63
	Kommunen skal basere sitt energiforbruk i stort mogeleg grad på fornybar energi.	Del av totalt kommunalt energiforbruk unntatt el.	Måle % av tal på totalt kilowattforbruk	10 %	0

	Auke nettoålet på daa jordbruksareal i drift.	Tal på daa	Opplysningar frå produksjonstilskotssøknader (9564 daa i 2011, SSB/Kostra)	9300	9849
	Kommunen skal stimulere til å auke den lokale verdiskapinga i landbruket ved å legge vekt på nyskaping og vidareforedling på heiltids- og deltidsbruk.	Tal på landbruksseigedomar som søker produksjonsstøtte	Opplysningar frå produksjonstilskotssøknader	43	41
	Auke den lokale verdiskapinga i skogbruket	Etablering av forynging på granmark	Utsatt planter delt på hogstkvantum grantømmer	4	4
		Etablering forynging furumark	Hogstkvantum furutømmer delt på markberedt areal	75	660
		Auke tynningsandelen	Kvantum tynningshogst delt på totalt salgskvantum	0,2	0,05
Medarbeidar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefråvær	Fråværet i %.	+/- 2%	2,04
		Kompetanseutvikling	Har opplæringsplan	X	Intern PN
			Andel gjennomførte opplæringstiltak ihh til opplæringsplan pr år	2	4 internt
		Medarbeidermedvirkning	Gjennomførte personalmøter	8	8
			Andel gjennomførte medarbeidarsamtalar pr år	7	7
		HMS	Gjennomførte vernerundar	1	1
		Trivsel	Gjennomførte velferdsarrangement	3	4
Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Avvik i høve til budsjett netto driftsramme	Rekneskap pr avdeling pr. år	Som budsjettert	19 % + 246 403,-

### Oppfølging av resultatavvik:

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Ingen spesielle avvik verdt å kommentere

### MEDARBEIDARAR

De ansatte i avdelinga deltar i tillegg til interne kurs, på fagsamlinger og kurs innen sitt fagfelt

### ØKONOMI

Nett driftsramme 1 286 939,-. Driftsresultat 1 040 536,-, et avvik på 19 %. PN har brukt mindre enn budsjettert gjennomgående på alle tjenestene. Gebyrinntektene ble høyere enn budsjettert og innskudd KLP og arbeidsgiveravgift lavere enn budsjettert.

## Åmli skule

### Innleiing

Åmli kommune skal ha skular der alle elevar opplever ei heilskapleg utvikling intellektuelt, psykisk, sosialt og fysisk. Elevane skal få utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og få rom til å vere kreative. Skulen skal legge vekt på fysisk fostring og uteaktivitet.

### Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Mål	Resultat 2015
Brukarar / Teneste / Samfunn	Tilpassa opplæring for alle	Talet på utviklingssamtalar m.o.t. rådgjeving/ rettleiing	Antal per år	To strukturerte samtaler i tråd med retningslinjer. I tillegg utviklingssamtalar i tråd med vurdering for læring.	I.h.t mål
		Læringsutbytte	Nasjonale prøver kvar haust på 5. 8. og 9 trinn	Betre enn gjennomsnitt (innan 2018)	Vi har dette året presteret som følger på Nasjonale prøver: 5. klasse noko under gjennomsnitt. 8. klasse gjennomsnitt og 9. klasse litt under gjennomsnitt
			Grunnskulepoeng	40 (innan 2018)	40,3 Det har vore gledeleg å sjå at vi ligg på landssnittet i grunnskulepoeng. Det har vi gjort eit byks. Jentene presterte over landssnittet i år! Vi arbeider med tiltak spesielt retta mot gutane.
	Godt skolemiljø	Blir eleven "sett" /trivsel 7. klasse	Brukundersøking (skala 1-5, der 5 er best)	4,5	3.6
		Blir eleven "sett" /trivsel 10. klasse	Brukundersøking (skala 1-5, der 5 er best)	4,5	3.8
		Mobbing 7. klasse	Brukundersøking (skala 1-5, der 1 er best)	1,5	1.1
		Mobbing 10. klasse	Brukundersøking (skala 1-5, der 1 er best)	1,5	1.1
	Brukarmedverknad	Opplevd brukarmedverknad elevar 7. klasse	Brukundersøking (skala 1-5, der 5 er best)	4	3.1
		Opplevd brukarmedverknad elevar 10. klasse	Brukundersøking (skala 1-5, der 5 er best)	4	3.1
		Opplevd brukarmedverknad foreldre	Brukundersøking (skala 1-5, der 5 er best)	4	Ikkje gjennomført foreldreundersøking i 2015
		Tal elev/foreldresamtalar	Tal per år	2	2 i tråd med retningslinene
	Skulefritidstilbod til alle som ynskjer det.	Dekningsgrad	Antal plassar/ Antal søknader	Tilbod til alle som søker	I henhold til mål

Medarbeider	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerende arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefråvær	Fråværet i %.	4%	6,66%. Dette skuldast m.a. alvorlege sjukdommar våren-15.
		Kompetanseutvikling	Har opplæringsplan	Kompetanseutvikling og kurs i tråd med skulen sine satsingsområde og nasjonale føringer	Heile personalet har hatt felles kursing/seminar om "Betre læringsmiljø". Felles intern kursing med regning i alle fag. Alle er med i ungdomsskulesatsinga (Motivasjon og Mestring) Tema frå august 2016 er Klasseleiing.
			Andel gjennomførte opplæringstiltak ihh til opplæringsplan pr år		
		Medarbeiderutvikling	Gjennomførte personalmøter	Vi har personalmøter to gonger kvar veke.	I h.t mål og arbeidsavtaler for tilsette
		HMS	Andel gjennomførte medarbeidarsamtalar pr år	1	I h.t. målet
		Trivsel	Gjennomførte vernerundar	1 – 2 gonger årleg	I h.t målet
Økonomi	God økonomi- og budsjettsyring	Avvik i høve til budsjett ntn. Driftsramme	Rekneskap pr avd. pr. år	Som budsjettert	Betre enn budsjettert

#### Merknad:

Måleindikatorane for mobbing syner gode resultat. Det er lagt ned mykje godt arbeid gjennom prosjektet "Betre læringsmiljø". Dette ser vi resultata av no. Det gjeld i det vidare å halde fast i dette. "Motivasjon og mestring for betre læring" vil gjere skulen meir praktisk og truleg auke motivasjonen til elevane.

#### Oppfølging av resultataavvik:

##### BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Vi ligg over planlagt nivå på kursing. Dette meiner vi vil slå positivt ut framover.

##### MEDARBEIDARAR

Vi har god og nødvendig fagkompetanse på samlege fagområde. Vi står for store utfordringar med kompetansekrav og vanskar med å kunne få tilsett personell med rett kompetanse av di det er lite ledige stillingar grunna stadig færre elevar. Vi må basere oss på naturleg avgang.

##### ØKONOMI

God økonomikontroll gjennom heile året. Vi har budsjettert godt i høve til forbruk, men det har kome meir inntekter enn vi hadde sett. Dette førte til eit stort overskot for avdelinga.

## Barnehage

### Innleiing

Åmli kommune skal ha høg kvalitet på barnehagetilbodet. Dei som ønskjer det skal få plass, og tilbodet skal til ein kvar tid samsvare med krav og forventningar i samfunnet elles. Barnehagen skal gje barn frå 0-6 år eit pedagogisk tilbod i samarbeid med heimen til borna.

Den kommunale barnehagen har eigen årsplan som seier meir om innhaldet i verksemda.

### Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Mål	Resultat 2015
Brukarar / Tenester / Samfunn	Barnehageplass til alle som ønskjer det	Dekningsgrad	Antal plassar/ antal søknadar	Plass til alle som søker, Dekningsgrad 100 %	Alle fikk tilbod om plass - i Beverorga el. På Dølemo
	Eit brukartilpassa tilbod	Skriftelege klager	Antal klager pr år	0	0
	Eit pedagogisk godt tilbod	Andel fagutdanna	Kostra	90 %	90 %
		Språkstimulerande tiltak, til dømes språkleiken "Bravo"	Antal dagar pr veke der planlagde språkstimulerande tiltak nytta.	5	5
		Bruk av "Kvello-metodikk"	Antal observasjonsøkter frå Kvello-korpset	1 observasjonsøkt pr. avdeling pr. år	1
	Legge til rette for aktiv brukermedverknad	Foreldremøte.	Antal foreldremøte i året	2 (ett møte pr. avdeling)	3 (2 på Dølemo)
		Møter i samarbeidsutvalet	Antal møter pr år	2 (ett møte pr. avdeling)	2
		Foreldresamtalar	Antal foreldresamtalar i året	2 pr. avdeling	2
		Barnesamtaler barn over 5 år m. bl.a. førebuing til overgang skule	Antal barnesamtaler pr. barn pr. år.	1	1
Medarbeidarar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefråvær	Fråværet i %	4	12,4
		Kompetanseutvikling	Har opplæringsplan	11 (alle ansatte deltar på ulike kurs/konferanser)	11 - alle tilsette deltar på ulike kurs/konferansar
			Andel gjennomførte opplæringstiltak ihh til opplæringsplan pr år	11	11
		Medarbeidermedvirkning	Gjennomførte personalmøter	16 - Herunder ligg 4 husmøter som barnehagen avholder sammen med skoleavd. på Dølemo.	6 felles personalmøtar – 12 avdelingsmøtar (6 på Dølemo, 6 i Beverborga) samt 4 husmøtar som barnehagen avheld sammen med skoleavd. på Dølemo.
			Andel gjennomførte medarbeidersamtalar pr år	100 %	100%
		HMS	Gjennomførte vernerundar	2	2
		Trivsel	Gjennomførte velferdsarrangement	2	2
Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Avvik i høve til budsjett ntno. driftsramme	Rekneskap pr avd. pr. år	Som budsjettert eller bedre	Totalt hadde barnehageavdelinga inkl. SFO på Dølemo eit meirforbruk i 2015 på 8,4 % i høve til budsjett

## Oppfølging av resultatavvik:

### **Åmli barnehagar, avdeling Beverborga**

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN.

Barnehageavdelinga har ikkje hatt brukar-/medarbeidarundersøkingar i 2015.

Alle barn som gjennom året har ønska plass i barnehagen, har fått det.

#### MEDARBEIDARAR

Sjukefråværet har auka frå 3,59 % i 2014 til 18,61 % i 2015. Det høge fråveret har ei naturleg forklaring, og skuldas ikkje høve på arbeidsplassen.

#### ØKONOMI

Beverborga Barnehage hadde eit meirforbrukt på kr. 262 762,- i høve til budsjett.

- Meirforbruket skuldast i all hovudsak auka lønsutgifter i samband med bruk av ekstra personell ved korttids-fråvær, samt inntak av nye barn i barnehagen gjennom hausten 2015. Det er ei stor utfordring i budsjettbehandlinga å anslå korrekte utgiftar til løn når Åmli kommune praktiserer løypande opptak til barnehagen. Eksempelvis var det i 2014/2015 berre 4 søkjrarar til hovudopptak i mars, medan 17 søkjrarar blei tatt opp gjennom barnehageåret – det må då nødvendigvis leiast inn ekstra bemanning – ofte eit par årsverk utover dei stillingshjemlane barnehageavdelinga har. Den same trenden har vi òg sett for barnehageåret 2015/2016. I tillegg så kjem nye flyktningbarn ofte på kort varsel, dvs at vi ikkje er kjent med desse når budsjettet settast på hausten. I tillegg det nemnte, så fekk barnehageavdelinga mot slutten av året 2015 eit krav på kr. 86 291,- (kjøp av tenester frå andre kommunar – gjestebarn i barnehage)

### **Åmli barnehagar, avdeling Dølemo barnehage og SFO**

BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Barnehageavdelinga har ikkje hatt brukar-/medarbeidarundersøkingar i 2015

#### MEDARBEIDARAR

I 2015 var sjukefråværet på 6,02 %, ein auke på 1,02 % samanlikna med 2014. Barnehage, skule og SFO har felles fråværsregistering på Dølemo.

#### ØKONOMI

Dølemo barnehage/SFO hadde eit avvik på kr. 136 000,- i høve til budsjett – Dette utgjer eit meirforbruk på 8,7 %

- Meirforbruket skuldast i hovudsak høgare løn og sosiale utgifter enn budsjettet. Det har òg vore lågare brukarbetaling enn forventa, både på SFO og i barnehagen.

**Totalt hadde barnehageavdelinga inkl. SFO på Dølemo eit meirforbruk i 2015 på 8,4 % i høve til budsjett**

## Omsorgsavdelinga

### Innleiing

Åmli kommune tilbyr omsorgstenester ut frå ei individuell vurdering. Målsettinga er at brukar skal vere aktiv i eige liv lengst mogleg.

Dei som treng institusjonsplass ut frå ei fagleg vurdering skal så langt det er mogeleg få tilbod om dette. Omsorgsavdelinga tilbyr døgnteneste både på institusjon og til dei som bur heime. Omsorgsavdelinga tilstreber eit godt pasientforløp for alle brukarar i kommunen.

Omsorgsavdelinga arbeider for å auke fokuset på tidleg innsats og bruk av velferdsteknologi i eldremomsorga.

Profil er vårt fagsystem for våre omsorgstenester. Vi måler brukarane sitt funksjonsnivået med kartleggingsverktøyet IPLOS. Det er eit nasjonalt system som seier noko om funksjonsnivået til brukaren. 1 er bra, då klarer brukaren seg sjølv. 5 betyr at brukeren trenger mykje bistand i det daglege.

### Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Mål	Resultat 2015
<b>ÅPOS</b>					
Brukarar / Teneste / Samfunn	Bebuarane på ÅPOS får individuell pleie, slik at dei lengst mogleg opprettheld sine fysiske og psykiske funksjonar.	Funksjonsnivå langtids avd.	IPLOS pr 31/12	IPLOS skår 4	3,7
		Funksjonsnivå skjerma avd.	IPLOS pr 31/12	IPLOS skår 3	3,9
	Nok plassar ved institusjon.	Overbelegg langtidsavd.	Profil i gj.sn. pr år.	90%	82%
		Overbelegg skjerma avd.	Profil i gj.sn.pr år	100%	86%
		Antal ikkje motteke utskrivingsklare pas.	Profil	0 pasienter	0 pasienter
	God kvalitet på brukarretta arbeid ved ÅPOS.	Andel årsverk fagutdanna	Kostra pr 31/12	80%	78%
	Kjøkkenet leverer god og næringsrik mat til individuelle behov og tidspunkt	Antal brukere med tilpassa kosthold	Manuelt pr 31/12	5 pasienter	9 pasienter i løpet av 2015
	ÅPOS er ein institusjon med gode rutinar på reinhald samt behandling av smittefarlig tøy og avfall.	Brudd på smitteprosedyrer	Antal avvik pr. år i QM+	20 avvik	4 avvik
	God samhandling med og involvering av påørande til pasientane på ÅPOS	Andel gjennomførte innleggingssamtalar med påørande	Profil	100%	98%
		Gjennomføre informasjonsmøter med påørande	Antal informasjonsmøter pr år	1 pr år	0 møter i 2015
	ÅPOS har godt samarbeid med lag og organisasjonar i Åmli kommune, t.d. Frivillighetssentralen	Samarbeidstiltak med frivillige lag og organisasjonar	Antal tiltak	3 tiltak	2 tiltak
<b>Tenester i heimen</b>					
	Kommunen skal ha ei pleie- og rehabiliteringsteneste tilpassa den einskilde sitt behov slik at dei som treng pleie og omsorg kan bu lengst mogeleg heime i sitt eige miljø.	Andel brukarar over 80 år med tiltak som bur heime	Profil	50%	38%
		Andel brukarar mellom 67 og 79 år med tiltak som bur heime	Profil	40%	35%
		Andel brukarar under 67 med tiltak som bur heime	Profil	20%	27%
	Åmli kommune vil tilby rehabiliteringsplassar til dei som treng det utifrå ei fagleg vurdering.	Andel rehabiliteringsplasser	Profil	10%	I 2015 har vi hatt 7 rehabiliteringspasienter
	Gode og tilgjengelege tenester	Antal klager	Profil	2 klager	0 klager
	Brukerdialog	Andel gjennomførte kartleggingssamtaler nye brukarar	Profil	80%	50%

Medarbeider	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerende arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefråvær	Fråværet i %	10%	11,12%
		Kompetanseutvikling	Har opplæringsplan	Ja	Ja, vi har SKP
			Andel gjennomførte opplæringstiltak ihh til opplæringsplan pr år	70%	80%
		Medarbeitermedvirkning	Gjennomførte personalmøter	1 pr 2. mnd pr avd. 4 pr år felles for omsorg	gjennomført
		HMS	Andel gjennomførte medarbeidarsamtalar pr år	90%	70%
		Trivsel	Gjennomførte velferdsarrangement	3 arrangement pr år	2 arrangement i 2015
Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Avvik i høve til budsjett ntno. driftsramme	Rekneskap pr avd. pr. år	Som budsjettet	+ 1,28%

### Oppfølging av resultatavvik:

#### BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN:

Åmli kommune har tatt i mot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset i 2015. På institusjon har der til ei kvar tid vore ledig rom. Vi har i løpet av 2015 hatt 7 pasientar inne på rehabiliteringsophald.

Kommunen har totalt 6 langtidsplasser for demente pasientar, 9 langtidsplasser for somatiske/rehabilitering pasientar og 3 korttidsplasser/rehabiliteringsplasser som heimesjukepleia har ansvar for.

Kjøkkenet leverer individuelt tilpassa kost til pasientar på institusjon og til heimebuande. Kvar dag blir det levert smoothe til avdelinga.

I 2015 er det gjennomført evakueringsøving/brannøving for bebruarar i omsorgsbustadene. Samt at der er installert brannvarslingssystem i alle trygdebustad/omsorgsbustad.

I 2015 blei det gjennomført eit brukarmøte for dei som bur i trygdebustad/omsorgsbustad.

Det er etablert kvardagsrehabiliteringsteam i 2015, dette teamet gjennomfører også førebyggjande heimebesøk.

#### MEDARBEIDARAR:

Kompetansehevande tiltak har vore bra i 2015. Det er gjennomført internundervisning 24 gonger, med team som er aktuelle i omsorgsavdelinga. Samt at vi har deltatt på ulike fagkurs via fylkesmannen/legen og Undervisnings-sykehjemmet og -hjemmesykepleien i Grimstad.

Sykefraværet er noe stigende. I 2015 var det på 11,22%.

I 2015 har det ikkje blitt gjennomført medarbeidersamtale for alle tilsette, dette er pga arbeidsmengde.

#### ØKONOMI:

Regnskapet for 2015 gjekk med overskott.

## NAV-avdelinga

### Innleiing

NAV skal fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskelegstilte, bidra til auka likeverd og førebygge sosiale problem. Det skal satsast spesielt på førebyggjande arbeid med stort fokus på aktivitet.

### Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjere for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Mål	Resultat 2015
Brukarar / Tjeneste / Samfunn	Gje brukarane eit individuelt tilpassa tilbod slik at dei gjennom medverknad og aktivitet kan bli sjølvhjulpe	Antall langtidsmottakere (over 26 uker) av økonomisk sosialhjelp	Kostrarapport	2 (i snitt gjennom året)	2
		Samla antall mottakere av økonomisk sosialhjelp	Kostrarapport	6	32
		Antall nødhjelppssaker i året	Målekort	36	33
		Saksbehandlingstid på sosialhjelppsknader	Målekort	3 uker	2 uker
	Gje brukaren ei tilgjengeleg teneste	Bemanna opningstider	Registrere talet på avvik	4	-
	<b>FLYKTNINGAR</b>				
	Åmli kommune vil ta aktivt samfunnsansvar ved busetting av flyktningar og asylsøkarar. Vedtak om ny busetting blir gjort av kommunestyret etter førespurnad frå UDI/IMDI	Nye flyktningar pr. år	Eigen oversikt	Inntil 10 stk pr år	14
	Flyktningar og asylsøkarar som blir busette i Åmli skal så snart som mogleg bli sjølvstendige og økonomisk sjølvhjulpe samfunnsborgarar	Gjennomsnittleg lengde introduksjonsperioden	Kostratal	2 år	3 år på dei fleste
	Busette flyktningar og asylsøkarar skal så snart som mogleg oppleve aktiv og sosial integrering i lokalsamfunnet og hjelpe til å leve fullverdige og gode liv i Åmli	Antal flyktningar i arbeid/på skule	NIR	100 %	100 %
Medarbeidar	Kommunen skal satse på å utvikle gode og stimulerande arbeidsmiljø der dei tilsette trivast og får høve til å utvikle og bruke sin kompetanse.	Sjukefråvær	Fråværet i %	6%	24,96 %
		Kompetanseutvikling	Har opplæringsplan	Alle	Alle
			Andel gjennomførte opplæringstiltak ihh til opplæringsplan pr år	Alle	Alle
		Medarbeitermedvirkning	Gjennomførte personalmøter	12 stk pr år	12
			Andel gjennomførte medarbeidarsamtalar pr år	1 samtale med kvar medarbeidar	1 samtale med kvar medarbeidar
		HMS	Gjennomførte vernerundar	1	0
Økonomi	God økonomi- og budsjettstyring	Trivsel	Gjennomførte velferdsarrangement	1	1
		Avvik i høve til budsjett ntno. driftsramme	Rekneskap pr avd. pr. år	Som budsjettert	8,23 %

## Oppfølging av resultatavvik:

### BRUKARAR/TENESTE/SAMFUNN

Talet på stønadstilfelle var om lag på nivå med 2014. Det vart ikkje gjennomført medarbeiderundersøking i 2015.

### MEDARBEIDARAR

Sjukefråværet i avdelinga har vore høgt i 2015. Bemanningssituasjonen har vore utfordrande.

### ØKONOMI

Mindreforbruk i forhold til budsjett på 8,23 %.



## Helse og familieavdelinga

Helse- og familieavdelinga er ei avdeling med ulike deltenester som psykisk helse/rus, legekontortenester, helsestasjonetenester, fysioterapi og barnevernteneste samt koordinering av folkehelsearbeid .

Psykisk helse/rus arbeider med barn, unge og vaksne. Det er eit tett tverrfagleg samarbeid med helsestasjon, lege, sosialkontor og heimesjukepleie. Tenesta har ulike tilbod som støttesamtale, dagsenter, arbeidstilbod, støttekontakt og fysisk aktivitet.

Ei anna delteneste er legekontortenester. Tenesta skal være eit fagleg kraftsenter for oppvekst, helse og samfunn gjennom eit fullverdig tenestetilbod forankra i brukarmedverking, forutsigbarhet og "god praksis" innanfor gjeldande lovverk.

Helsestasjonstenesta og fysioterapitilbod er også deltenester i avdelinga. Dei arbeider målretta med førebyggande tiltak og med endring av helseadferd. Helsestasjonen har tilbod til gravide, barn og unge samt driv helsestasjon for ungdom.

I tillegg er barneverntenesta organisert inn i helse- og familieavdelinga. Barneverntenesta har ansvar å gi ei forsvarlig hjelp til utsette barn og unge og deira familiar. Barneverntenesta har samarbeid med dei andre tenestane i avdelinga.

## Styringskart

Fokus Område	Delmål Kva må vi gjøre for å lukkast?	Måleindikator Kva skal vi måle ?	Målemetode Korleis måler vi ?	Mål	Resultat 2015
Brukarar / teneste / Samfunn	Utøve helsearbeid etter retningslinjene for "God praksis", dvs. vere forankra i høg fagleg kvalitet.	Kvalitetsforbetring	Antal gjennomførte fagkurs for legekontoret	1 kurs i året	Gjennomført 1 kurs
	Møte dei reelle behov for helsenester som befolkninga til einkvar tid treng og har krav på, uavhengig av alder, kjønn, bakgrunn, religion, inntekt og personlege ressursar	Oppfylling av fastlegeforskriften	Ventetid på time	Max 1uke	Har hatt avvik noen perioder på 1 uke, men det har vært unntaket tilfross for 1 lege ved kontoret
			Avsatt tid til akuttimer	Time samme dag	Time samme dag
	Helsetenesta skal arbeide aktivt innan førebygging, helseopplysning og miljø, både på individ-, og samfunnsnivå	Brukartilfredsheit	Skriftlege Klager	Ingen	Ingen
		Risiko og sårbarhet	Antal gjennomførte analyser	Kvart år	Gjennomført
		Frisklivssentral	Antal deltakere i året	20 deltakarar	Ikke gjennomført i 2015
		Legemiddelbrukere type 2-diabetes	Andel av befolkningen pr tusen innb.	Fylkesnivå aktuelt år (2014 Åmli 35, Fylket 30)	34
		Legemiddelbrukere KOLS og astma	Andel av befolkningen pr tusen innb.	Fylkesnivå aktuelt år (2014 Åmli 142, Fylket 117)	156
		Tiltak i folkehelseplanen	AntaL gjennomførte tiltak	Minimum 4 tiltak pr år	
		Medisinbruk psykiske lidinger	Andel av befolkningen pr tusen innb.	Fylkesnivå aktuelt år (2014 Åmli 159, Fylket 149)	155
<b>PSYKIATRI</b>					
Gje tilbod til menneske med psykiske lidinger slik at dei opplever ein betre kvardag	Individuelle tiltak	Andel brukarar med individuell plan	2-5 brukarar	1	
		Andel brukere med vedtak om tenester	100%	90%	
		Andel gjennomførte evalueringar ut frå brukernes målsettinger.	100%	90%	
Forebygge at menneske som opplever ei krise skal få varige psykiske lidinger	Kriseteam	Talet på samlinger	2 pr. år	2	
		Talet på utrykninger	1-2 utrykninger	1	
Motvirke fordommar og auke kunnskapen om tenesta	Informasjon om tenesten	Markering av verdensdagen	1 gong i året	0	
		Antal informasjonsmøter med andre avdelingar i kommunen	1-2 gonger pr. år	1	

BARNEVERN				
Gi risikoutsette barn nødvendig hjelp innanfor pålagte fristar	Overhalde fristar for undersøkingar gitt gjennom lovverk	Andel fristbrot	0	
Forebyggjande arbeid gjennom hjelpetiltak	Overhalde frister på iverksetting av tiltak	Andel fristbrot	0	
FOLKEHELSE				
Få oversikt over helsestanden i Åmli	Tverrfaglege fora for drøfting av aktuell statistikk	Antal møter	4 møter	1 møte
Alle barn får oppvekstvilkår som fremmer god utvikling	Barn (0-18 år) i fattige familiær	Antall barn	100%	100 %
Innbyggerene i Åmli tar godt vare på helsa si.	Sjukefråvær for heile kommunen	Legemeldt sjukefråvær i %	6%	10,6%
